



# BAKKEN - SUNDMORK

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Om lag 3-4 timar tur-retur

**Passar for:** Lengre familietur

**Parkering:** Startar på Bakken gard

**Kartblad:** 1313 III: Lyngsvatnet

### **Verd å merka seg:**

Ein må rekna om lag 20-30 minutt frå kaien ved Lysefjorden og opp til Bakken gard.

Delar av turen går gjennom fuktige område, så det er viktig å ha godt fottøy. Løypa er lett å gå, men kan vera dryg for dei minste.



Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå Bakken gard kan ein følgja Turistforeininga si løype mot nordaust, ut gjennom steingarden. Denne går mellom anna til Bratteli. Allereie etter 150-200 meter passerar ein ein liten bekk. Etter denne må ein gå av løypa mot Bratteli og ta mot høgre opp Skurvedalen.

Denne stien er lett synleg og god å gå. Traséen går langs elva opp gjennom fin furuskog med innslag av lauvtre. Litt oppe i dalen kryssar stien over ei bru, og ein kjem over på andre sida av elva.

Det er berre å følgja vidare inn dalen langs elva heilt opp til Songesandstølen der ein igjen må kryssa elva. Etter stølen går ein inn i eit ope og flott område mot Sundmorkvatnet. Følg på autsida av vatnet inn til Sundmork.

Ein kan følgja same løypa attende til Bakken, men der er og mogleg å gå på vestsida av vatnet ned til Songesandstølen.

### Historie og natur

Det ligg mykje historie i områda nær Bakken. Garden var heimen til Pilt-Ola i ung alder, men er vel best kjend som heimen til søskenparet Gjertrud og Johannes Bakken. Johannes budde og dreiv garden fram til 1973 då den vart gitt i gåve til Forsand kommune.

Johannes var glad i naturen rundt garden, og i tillegg til drifta, brukte han mykje tid ute i skogen. Området ved Sundmork kalla han "paradis", for her var det så fint.

I området mellom Bakken og Songesandstølen ligg ein flott blandingsskog med mykje furu og ein del bjørk, men og edlare gamle ospetre. Her er det lunt og varierende natur. Dette gir godt grunnlag for eit rikt fugleliv. Området er spesielt fint for hakkespettar av forskjellig slag.





